



Aktivitetar ved Solvorn oppvekstsenter framover:

DAG	AKTIVITET
Måndag 15. og tysdag 16.	Øva til 17. mai og plukka bos
Torsdag 18.	5.-7. symjing + maxiane
Fredag 19.	5.-7. besøka Galleri Walaker
Fredag 19.	Pizza-sal
Tysdag 23. og onsdag 24.	7. kl-besøk på Hafslo*
Tysdag 30. og tysdag 6.	Førskuledagar for maxiane og innskriving (30.)**
Tysdag 30.	Helsesøster
Onsdag 31. mai	Tur til museumet, 1.-7. + maxiane, buss***
Torsdag 1. juni	5.-7. symjing + maxiane
Tysdag 6. juni	Sommaravslutning for oppvekstsenteret kl. 16.30-17.30/18.00****
Onsdag 7. juni	5.-7. elevkveld, invitera 7. på Hafslo
Torsdag 8. juni	5.-7. inviterte til lunsj hjå Theodor
Måndag 12. – tysdag 13. juni	5.-7. overnattingstur til Sørsida saman med mellomsteget på Hafslo, meir info kjem
Onsdag 14. juni	Avslutningsfest for 7. kl. kl. 18.30-20.00*****
Torsdag 15. juni	Idrettsdag i Moane for 1.-7.*****
Fredag 16. juni	Siste skuledag, elevane sluttar kl. 11.30*****

*Elevane følgjer skulebussen opp og ned.

****Tysdag 30. vert det foreldremøte for nye 1.-klassingar 16.30-17.00.**

*****Ta med liten sekk med mat og drikke.**

******Dette vert ei førestilling der elevane og barna i barnehagen syner fram ulikt program dei har øvd inn. Førestillinga vil føregå både ute og inne. Etter førestillinga vert det sett fram kaffi og kaker. Det vert bestilt ferje til etter arrangementet.**

*******Avslutningsfesten gjeld for 5.-7. trinn. Det er 5. og 6. saman med foreldra som lagar fest til 7. Det vert servert pizza, saft, kaffi og kaker.**

*******Dei i 5.-7. som vil sykla til Moane, kan gjera det. Andreas sykklar saman med elevane. Gi ein melding om eleven ikkje skal sykla innan 14. juni.**

Hugs å ha gode joggesko til idrettsaktivitetane. Me reiser på hytta til Grete Marie og grillar etterpå. Elevane treng å ha med berre drikke. Dei som vil kan ta med handduk for vassing/bading.

*******Elevane får lov å ha med snop for max 30 kr og noko å drikka denne dagen.**

Dei elevane som har SFO og som treng det frå kl. 11.30, gir oss melding om det.

Som de ser er det mange datoar og tider som skal koordinerast framover med mange kjekke aktivitetar.

Det blir eit foreldremøte for skulen i mai/juni, nærmare info kjem.

Fredag 26. mai minner me om elevfri dag.

Fredag 2. juni minner me om at barnehagen er stengd pga planleggingsdag.

Tysdag 13. juni er det sett opp pizza-sal for elevane (Theodor og Eirill). Denne dagen kuttar me ut, sidan 5.-7. er på aldersblanda tur.

Er noko uklart, eller de har spørsmål, så ta kontakt.

Me håpar på mange kjekke opplevingar☺

Mvh personalet ved Solvorn oppvekstsenter, 12.05.17